



**FLYTTAR:** Ein familie har flytta frå Aurland etter manglande oppfølging frå skulen når det gjeld opplæringsstilbodet til sonen, noko Fylkesmannen har pålagt skulen.

FOTO: ARKIV

Familie har flytta frå kommunen etter langvarig kamp:

# - Me er utsette for grovt overgrep

**AURLAND:** Eit par med to born har flytta frå Aurland etter ein lengre kamp mot skule og kommunen.

JAN EGIL FIMREITE  
jan.egil.fimreite@sognavis.no

- Me er utsette for grovt overgrep og grov maktnisbruk, seier faren, som av omsyn til borna vel å vera anonym.

Familien flytta frå kommunen i sommar.

Saka starta med at den eine sonen, som var elev ved Aurland barne- og ungdomsskule, skal ha blitt trakkasert av ein lærar på skulen. Dette førde til at sonen ikkje ville gå på skulen meir, han klaga på vondt i magen og ville heller vera heime. Han ville heller ikkje ha leksehjelp på SFO. Foreldra kontakta skulen i oktober i fjor der dei gav til kjenne uro for sonen si

faglege utvikling.

**Noko var gale**

- Me merka at noko var gale og skreiv brev til rektor om guten sine opplevingar. Det skjedde ikkje noko, me opplevde at skulen ikkje tok dette på alvor. Me melde difor saka til Fylkesmannen i Vestland, i samråd med fastlegen, som sende brev til kommunen i november. Då tok skulen kontakt med oss og det vart avtala fleire møte.

Skulen og skuleeigaren hadde 18. desember i fjor ein samtale med sonen saman med foreldra. Der gav sonen uttrykk for at ein lærar var slem, snakka stygt, brukte fysisk makt og at han grua seg til desse timane. Han sa også at han fekk mykje kjefte frå ulike vaksne ved skulen og at han opplevde mykje som urettvist.

**Rektor sende varsel**

6. februar sende rektor ved

skulen eit varsel til kommunen om familiefaren, der han skal ha snakka nedsetjande om skulen, både munnleg og på sosiale media. Dette varselet vart lagt vekk då kommunen ikkje fann at faren har gjort noko kritikkverdige. Kjeldene i varselet kjende seg heller ikkje att i påstanden.

På dette tidspunktet vart også faren sjukmeld på grunn av den pågåande konflikten med skulen.

13. februar kjem svaret frå Fylkesmannen, der det i vedtaket heiter at skulen ikkje har oppfylt aktivitetsplikta si etter opplæringslova og ber både skuleeigar og skulen gjennomføra ei rekke tiltak for å gjera situasjonen betre for eleven.

**Bekymringsmelding**

Berre fire dagar seinare leverte skulen ei bekymringsmelding til barnevernet på begge borna til ekteparet.

- Der kom det ei rekke usaklege påstandar retta mot meg og som er grundig tilbakeviste. Eg har dokumentasjon på alt saman. Vår oppfatning er at dette er ein hemnaksjon frå kommunen si side fordi me klaga til Fylkesmannen.

Varselet rektor leverte mot familiefaren for å snakka negativt om skulen på arbeidsplassen, vart lagt vekk.

Foreldra reknar no med at det kjem nye hemnaksjonar frå Aurland kommune etter at media har teke tak i saka.

Det vart gjennomført eit heimbesøk frå barnevernet si side. På grunn av koronasituasjonen, vart dette lagt til motorikkparken i Lærdal. Barnevernet konkluderte her med at dette var ein velfungerande familie og at bekymringsmeldinga ikkje hadde rot i røyndomen.

**Psykiske helsa**

Sonen sin situasjon har også

vore innom BUP, etter initiativ frå rektoren.

- Men rektoren kunne ikkje halda seg til konklusjonane til verken barnevernet eller BUP då dei kom tilbake. BUP har på si side konkludert med at skulekvardagen til sonen gjekk ut over den psykiske helsa til barnet.

Sonen har funne seg godt til rette i ein ny skule, opplyser familien.

**Varsel mot rådmannen**

Det er også sendt inn varsel mot rådmann Steinar Søgaard etter at han kontakta faren på jobb i Aurland kommune med spørsmål om ein samtale seinare på dagen. Det synt seg at samtalen skulle dreia seg om private tilhøve, ikkje jobbrelevante. Der formidla rådmannen at det ikkje var naudsynt for familien å ta kontakt med advokat på det tidspunktet dei gjorde det og at det ikkje ville koma

noko godt ut av det.

- Eg fekk også beskjed om å setja foten ned overfor advokatfirmaet. Alt dette har eg gjort lydopptak av. Vår advokat meiner rådmannen sin oppførsel er ei klar skilnadsbehandling på grensa til straffbar korrupsjon.

**Til kontrollutvalet**

Varselet mot rådmannen gjaldt også det faktum at varselet mot rektoren ved skulen for manglande oppfølging ikkje var behandla, verken av rådmannen eller i politiske organ.

Saka er også meldt til kontrollutvalet i kommunen, sidan familien er redd for at kommunen skal leggja saka død, slik tilfellet var med varselet mot rektoren på skulen.

- Me trur ikkje kommunen ser på denne saka som eit varsel og at rådmannen ikkje vil behandla saka sjølv om han

prøvde å snakka oss frå advokathjelp. Det er difor viktig frå vår side at kontrollutvalet syter for at varselet og klagen blir behandla på ein skikkeleg måte.

**Ingen vil kommentera**

Verken ordførar, rådmann eller rektor ynsker å kommentera saka no.

- Eg ser på dette som ei personalsak og kan ikkje kommentera den, seier ordførar Trygve Skjerdal.

Rådmann Steinar Søgaard svara ikkje på telefon og vart kontakta på melding om at han kunne kommentera saka ved å ringa tilbake eller senda SMS eller e-post. Svaret kom på SMS: - Det har eg ingen kommentar til.

Rektor Ingrid Steine Bortne skriv i ein SMS at ho diverre ikkje har moglegheit til å kommentera saka på grunn av teieplikta.

Advokat Sigurd Klomsæt:

## - Fleire brot på norsk lovgjeving som er gjort bevisst

**AURLAND:** - Det er svært dramatisk at ein familie vel å flytta frå bygda på grunn av behandlinga dei har fått av kommunen.

JAN EGIL FIMREITE  
jan.egil.fimreite@sognavis.no

Det seier advokat Sigurd Klomsæt. Han representerer familien i saka, ei sak han oppfatar som svært alvorleg.

- Mi oppfatning er at det her er gjort fleire brot og krenkingar mot norsk lovgjeving, og dette er gjort bevisst.

**Grunnlause**

Klomsæt syner blant anna til at barnevernet fekk bekymringsmelding mot foreldra, ei melding som vart lagt vekk.

- Dette er uverdige. Aurland kommune har her heile vegen kome med grunnlause skuldinger mot gode foreldre.

**Arroganse**

Klomsæt meiner måten kommunen har behandla pålegget frå Fylkesmannen på, vitnar om arroganse og motarbeiding av eit overordna organ som nokon bør vurdere er straffbart.

- Vedtaket frå Fylkesmannen er sjeldan kost. Men det blir ikkje berre motarbeidd, det blir ignorert. Det same skjer med varsel familien har mot kommunen.

Klomsæt syner blant anna til at kommunen avviste ein klage frå foreldra om retten til spesialundervisning for sonen, slik

Fylkesmannen hadde pålagt kommunen.

- Ein slik klage skal sjølv sagt sendast til det overordna klageorganet når kommunen vel å avvise klagen.

**Dramatisk**

Klomsæt legg til at det er svært dramatisk at ein familie, som treivst godt og hadde vener og kjende i bygda, opplever situasjonen så uhaldbar at dei vel å flytta.

- Dette handlar om ein skilnadsbehandling mot ein kommune. Saksbehandlinga frå Aurland kommune har så langt vore generell trening av sakene knytt til familien der deira innspel ikkje er drøfta forsvarleg og løyste på ein adekvat måte.

**Trakkasert**

Klomsæt syner også til episoden der familiefaren vart kalla inn på rådmannen sitt kontor, der familiefaren vart rådd frå å bruka advokathjelp.

- Men her har rådmannen brukt advokat for å ta vare på hans interesser, utan at han er belasta for dette. Familiefaren har så langt ikkje fått dekt egne utgifter. Dette er ein klar skilnadsbehandling som grensar opp til straffbar korrupsjon. Me registrerer også at familiefaren vart utsett for eit eige regime i oppseingstida, der det vart tald minuttar då familiefaren forlet skrivebordet for å tøya ut nakke og rygg.

**Ikkje einestående**

Klomsæt syner også til varselet mot rektor Ingrid Steine Bortne



**GRUNNLAUST:** - Aurland kommune har her heile vegen kome med grunnlause anklagar mot gode foreldre, hevdar advokat Sigurd Klomsæt. FOTO: ADVOKATFIRMAET KLOMSÆT, MÆLAND & CO

for gjengjelding etter at familien sende klage til Fylkesmannen, blant anna med varslings sak mot familiefaren og urettvis bekymringsmelding til barnevernstenesta.

- Men det er avdekt at det ikkje er første gong rektoren nyttar barnevernsmeldingar i tilfelle der foreldra har klaga på skulen. Varselet mot rektoren er heller ikkje behandla av kommunen.

**Krav**

Klomsæt opplyser at det også vil bli sendt krav knytt til manglande opplæring for sonen i familien.

- Dette vil me koma tilbake til når dei endelege konsekvensane av dette er klare.

## Kontrollutvalet vil sjå på denne saka og ei tidlegare som liknar

**Behandlinga av familien som flytta frå bygda blir no ei sak for kontrollutvalet.**

JAN EGIL FIMREITE  
jan.egil.fimreite@sognavis.no

Det stadfestar leiar Frode Bekkestad i kontrollutvalet.

- Me har sett den på kartet til møtet den 17. november, seier Bekkestad, som ikkje kan gå inn på detaljane i saka.

**Parallell**

Bekkestad seier dei også vil sjå på saka til Hege Wangen Aarhus på ny i utvalet.

- Dei opplysingane me sit med så langt, kan tyda på at dette er to parallelle saker som det er naturleg å sjå i samheng.

Saka til den einslege mora Hege Wangen Aarhus handla om behandlinga ho og den ME-sjuka sonen fekk frå diverse aktørar i kommunen. Saka var oppe til behandling i kontrollutvalet tidlegare i år, og Wangen Aarhus har no bede utvalet om å sjå på saka på ny. Wangen Aarhus har tidlegare uttala til Sogn Avis at fleire instansar i kommunen gjekk bak ryggen hennar som mor. Det vart også sendt uromelding til barnevernet på ho, ei sak barnevernet la vekk som grunnlaus.

Wangen Aarhus har også sendt brev til kommunen, utan å få svar.



**TIL KONTROLLUTVALET:** Leiar Frode Bekkestad i kontrollutvalet stadfestar at familien sin situasjon blir tema i kontrollutvalet i det komande møtet. FOTO: ARKIV/PRIVAT